

Standardvilkår naturforvaltning:

1. Konesjonæren plikter, etter nærare reglar gjevne av Fylkesmannen og/eller Direktoratet for naturforvaltning
 - å syte for at dei stadeigne fiskestamma i størst mogleg grad får behalde naturleg reproduksjon og produksjon, og at dei naturlege livsvilkåra for fisk og naturlege plante- og dyrepopulasjonar blir minst mogleg forringa
 - å kompensere for skader på naturleg rekruttering av fisk ved tiltak
 - å syte for å bevare fiskens vilkår for å vandre i vassdraget, og at inntak og utløp ved kraftstasjonar og overføringar blir laga slik at ein unngår tap av fisk
 - å syte for at vilkåra for fiske i størst mogleg grad blir oppretthaldne
2. Konesjonæren plikter, etter nærare reglar frå Fylkesmannen å syte for at plante- og dyrelivet blir minst mogleg forringa, og om mogleg utføre kompensierende tiltak
3. Konesjonæren plikter, etter nærare reglar gjevne av Fylkesmannen å syte for at bruks- og opplevingsverdiane for friluftslivet blir tekne vare på så langt det er mogleg og om nødvendig utføre kompensierende tiltak og tilrettelegging
4. Konesjonæren plikter, etter nærare reglar frå Fylkesmannen å koste naturvitskaplege undersøkingar og friluftslivsundersøkingar med vidare
5. Konesjonæren plikter, frå og med det året konsesjon er gitt, å betale Tokke og Vinje kommunar eit årleg beløp på kr ... til hjelp for fiske, vilt og friluftsliv. Beløpet blir justert etter dei tidsintervall som lova til ei kvar tid fastset. Midlane skal forvaltast av kommunane etter nærare reglar
6. Alle utgifter bundne til kontroll og tilsyn med at pålegg og vilkår blir haldne blir dekt av konsesjonæren